

TILTAKSPLAN MOT MOBBING

Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøre. *Alle elevar ividaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.* §9a-1 Opplæringslova.

Opplæringslova § 9a–3 andre ledd

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kjennskap til eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe inn. Det er viktig at eleven blir tatt på alvor. Det er alle sitt ansvar å arbeide førebyggjande for eit godt skulemiljø.

VED MOBBING SKAL FØLGJANDE PLAN SETJAST UT I LIVET

Rask handsaming er overordna. Rektor kan gå inn på alle nivå ved trong.

Avdelingsleiar Hente inn mest mogleg informasjon om saka, kartlegging

eller rådgjevar : Evt observasjonar som lærar har gjort

Evt observasjonar som elevar har gjort (anonymt)

Snakke med kontaktlærar

Avdelingsleiar: Samtale med den som blir utsett for mobbing

eller rådgjevar : Informasjon om saka: Kva, kven, korleis, kor ofte?

Informasjon om vidare arbeid

Avtale om oppfølging også i lag med føresette der elev er under 18 år

Regelmessige oppfølgingsamtalar med **avd.leiar** ,**elevinspektør** eller **rådgjevar**

Avdelingsleiar: Samtale med mobbar/mobbarane

eller rådgjevar : Konfrontere plagaren med alvor i situasjonen

Einesamtale

Inngå avtale/kontrakt også i lag med føresette der elev er under 18 år

Tett oppfølging av **avd.leiar** , **elevinspektør** eller **rådgjevar**

Klasselærarråd: Klasselærarane vert informerte, kontaktlærar har eit koordinerande hovudansvar

Tiltak

Arbeide for eit kontinuerleg, godt klassemiljø

Ressursteam: Diskutere i ressursteam med rektor, OT/PPT og helsesøster til stades

Involvering av føresette når eleven er under 18 år:

Må vurderast i kvar einskild sak, men det vil normalt vere regelen

Konsekvensar for mobbar

Individuell vurdering, normalt sett minimum nedsett karakter i åtferd